



Møteinkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Torsdag 21. mars 2019

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

| Namn | Funksjon |
|---------------------------|----------------------------------|
| Sigrid Marie Fangel | Leiar |
| Rasmus Fitjar | Nestleiar |
| Helga Olsen Aadland | Medlem N.B. Ord for dagen |
| Terje Havro | Medlem |
| Mette E. Lambach | Medlem |
| Bodil Nesse | Medlem |
| Gunvald Aarbø | Medlem |
| Sindre Aarbø | Medlem |
| Roald Drønen | Sokneprest |
| Sigurd Andre` Maraas | Kommunal representant |
| Peder Rygg Drønen | 1. varamedlem |
| Arne Prestbø | 2. varamedlem |
| Solbjørg Larsen Tverderøy | 3. varamedlem |
| Tove Helen Løland Aarskog | 4. varamedlem |
| Åse Rygg H. Nøttveit | 5. varamedlem |
| Svein Arne Theodorsen | Vara for soknepresten |
| Agnar Aarskog | Vara for kommunal representant |

Fitjar, 15. mars -2019

Sigrid Marie Fangel

Harald Rydland

Soknerådsleiar

Kyrkjeverje

Sakliste:

| Saksnr. | Tittel | Sak for communal representant |
|---------|-------------------------------------|----------------------------------|
| S-09/19 | Årsmelding for Fitjar sokn 2018 | X |
| S-10/19 | Referat frå sist møte | X |
| S-11/19 | Planlegging av årsmøte den 7. april | X |
| S-12/19 | Meldingssaker | X |
| S-13/19 | Open post | X |
| S-14/19 | Arrangement i kyrkja sin regi | |



Sak 09/19: Årsmelding for 2018

Etter å ha fått inn opplysningar fra dei ulike arbeidsområda i Fitjar kyrkje har kyrkjeverja no sett saman ei komplett årsmelding. Den er lagt opp etter same mal som den som me har brukt dei siste åra. I utkastet som vert sendt til soknerådsmedlemene, har me ikkje fått på plass bilde enno. Dette vil me på kyrkjekontoret arbeida vidar med før årsmeldinga skal leggjast ut til offentleg ettersyn.

Det er fint om soknerådet kan sjå gjennom teksten i årsmeldinga og komma med kommentarar på evt. endringar som bør gjerast. Me tenkjer då på både utval av stoff og rettskriving. Utkastet til årsmelding vert i denne omgangen berre sendt til dei som skal møta i soknerådet.

Årmeldinga skal liggja ute til offentleg ettersyn i minst to veker før årsmøte i kyrkjelyden. Årsmøte i Fitjar kyrkje er sett til 7. april etter gudstenesta. Difor må innkallinga til årsmøte og årsmeldinga gjerast klar til utsending dagen etter møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga som er lagt fram, men vil be om fylgjande:

- ✓ Det må setjast inn nokre fine bilder frå ulike aktivitetar i kyrkja året 2018
- ✓ Rådet ynskjer at det skal komma inn meir stoff om

Sak 10/19: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 7. februar 2019 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er enno ikkje lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje, men det skal me få gjort om ikkje lenger.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 7. februar 2019.

Sak 11/19: Planlegging av årsmøte den 7. april

Etter § 9 i kyrkjelova skal soknerådet kvart år gje soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet. Det er dette me kallar årsmøte, og som skal haldast hos oss den 7. april. På møtet vert gjennomgang av årsmeldinga oppe som sak. Då er det vanleg at soknerådsleiaren går gjennom årsmeldinga og at deltakarane på møte har høve til å kommentera og drøfta arbeidet i soknet.

Soknerådet hadde på førre møte oppe ei drøftingssak om fond og gåver. Det står framleis ein etter måten stor sum igjen på fondet for kyrkjelydsprest. Då saka var oppe til drøfting kom det fram at temaet bør takast opp på soknemøtet, slik at rådet kan få innspel frå kyrkjefolket før det vert laga retningslinjer for fondet. Det vil truleg vera ein del av dei som møter på soknemøtet som ikkje har så mykje kunnskap om historia og statusen for det som har me fondet å gjera. Difor kan det vera nytig at ein frå soknerådet kjem med ei innleiing og orientering om saka før den skal drøftast.

Framlegg til vedtak:

Soknerådsleiaren, eller den han evt. vil delegera oppdraget til, får ansvar for å førebu ei orientering om fondet for kyrkjelydsprest og faste gåver som skal leggjast fram på soknemøte den 7. april.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 12/19: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Soknerådsvalet, arbeidet i nominasjonsnemnda
2. Rekneskapet for 2018
3. Svar på merknad fra revisjonen for rekneskapsåret 2017
4. Anleggsarbeidet i Fitjar sentrum og parkeringsplassen ved kyrkja

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 13/19: Open post

Sak 14/19: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som gudstenester, konfirmantsamlingar, trusopplæring, kyrkjelydsfest, kyrklege handlingar m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa.

Når det gjeld kyrkjelydsturen til Helgatun siste helga i mars, er ein eigen komite i sving med å førebu turen. Det ligg an til at turen får høgare oppslutnad enn på fleire år. Det kan og vera andre arrangement framover som soknerådet bør ta opp til drøfting.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka